



Arkivnr: 2016/34293-6

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2017

## Kjøp av aksjar i utskilt "AutoPASS - ferje selskap" i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS

### Samandrag

I samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av samtlege aksjar i BT Signaal AS har Samferdselsdepartementet sett som vilkår at ferjeverksemda i BT Signaal AS, som per i dag omfattar to AutoPASS - ferjekontraktar, ikkje kan vera ein del av Sørvest Bomvegselskap AS på det tidspunktet Sørvest Bomvegselskap AS skal inngå bompengavtale med Samferdselsdepartementet. I samband med utskiljinga av ferjeverksemda frå Sørvest Bomvegselskap AS er det derfor behov for midlar til aksjekapital til eit selskap som forvaltar desse to ferjekontraktane.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 1 000 000 til kjøp av aksjar i utskilt «AutoPASS- ferje selskap», i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS. Løyvinga vert finansiert over kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjera budsjettjustering.

Fylkesrådmannen vil utarbeida eit stiftingsdokument for selskapet. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet gjev fylkesordførar fullmakt til å oppnemna eit styre for selskapet. Eigarmessige forhold, funksjon og varigheit for det ny «AutoPASS - ferje selskapet» vil ein måtte koma tilbake til i eiga sak i etterkant av utskiljinga og aksjekjøpet. Det er då aktuelt å invitera dei fire andre fylkeskommunane i sør og vest inn som eigarar i selskapet.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 1 000 000 til kjøp av aksjar i utskilt «AutoPASS- ferje» selskap i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS. Løyvinga vert finansiert over kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjera budsjettjustering.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utarbeida eit stiftingsdokument for selskapet i samsvar med fomålet omtala i saksframlegget. Fylkesordførar får fullmakt til å oppnemna eit midlertidig styre for selskapet. «AutoPASS – ferje».
3. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram sak om eigarmessige forhold og vedtekter for eit «AutoPASS - ferje selskap» etter utskiljinga og etableringa av selskapet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Restrukturering - org kart

## Fylkesrådmannen, 14.06.2017

### Bakgrunn

I samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt kjøp av samtlege aksjar i BT Signaal AS har Samferdselsdepartementet no sett som vilkår at ferjeverksemda i BT Signaal AS, som per i dag omfattar to AutoPASS - ferjekontraktar, ikkje kan vera ein del av Sørvest Bomvegselskap AS på det tidspunktet Sørvest Bomvegselskap AS skal inngå bompenggeavtale med Samferdselsdepartementet. I samband med utskiljinga av ferjeverksemda frå Sørvest Bomvegselskap AS er det derfor behov for midlar til aksjekapital til eit selskap som forvaltar desse to ferjekontraktane.

### Om kjøpet av BT Signaal AS

Basert på gjennomført due diligence og ei verdifastsetjing av BT Signaal vart det medio mai 2017 framforhandla ein kjøpsavtale, som vart handsama av styret i Sørvest Bomvegselskap 23.5.2017, styresak 013/2017. Styret vedtok samrøystes at:

*«Styret i Sørvest Bomvegselskap AS godkjenner inngåelse av avtale om kjøp av aksjane i BT Signaal AS for NOK 88. mill., under føresetnad om at generalforsamlinga godkjenner avtalen om kjøp av aksjane. Styreleiar får fullmakt til å signere aksjekjøpsavtalen.»*

Styret tek sikte på å kalla inn til generalforsamling ultimo juni 2017. Kjøpet omfattar BT Signaal AS si verksemd etter at aktivitet knytt til parkering, utviklingseininga i Polen og IKT prosjekt i Afrika er tatt ut. Utskiljinga av desse verksemdene blir gjort grunna bompenggeavtalen som set svært strenge rammer for kva oppgåver som kan ligga i eit regionalt bompengeselskap. Kjøpet omfattar også regnskapstenester og inkasso som vert drive i eigne datterselskap - B&T Aut Regnskapførerselskap AS (BT AR) og Demand Norge AS (Demand), BT Signaal AS sine driftskontraktar for bompengeprojekt i region nord, samt to driftskontraktar for AutoPASS ferje.

### Oppretting av selskap for handtering av kontraktar for AutoPASS- ferje

I garantisøknaden for låneopptak for kjøpet av BT Signaal AS vart det vist til at Sørvest Bomvegselskap AS er i dialog med Samferdselsdepartementet i høve til ein del kontraktar og aktivitet som ikkje kjem inn under bompenggeavtalen. Samferdselsdepartementet har gjeve Sørvest Bomvegselskap AS melding om at AutoPASS -ferjeaktiviteten må skiljast ut før Samferdselsdepartementet kan underskriva bompenggeavtalen med Sørvest Bomvegselskap AS.

Wikborg Rein og PWC, som på oppdrag frå Sørvest Bomvegselskap AS har gjennomført due diligence og verdifastsetjing av BT Signaal AS, har sett på ein del selskapstekniske løysingar som gjer at ferjekontraktane kan skiljast ut. Det vert tilrådd at det oppkjøpte BT Signaal vert delt i to - BT Signaal Bom og BT Signaal Ferje. BT Signaal Bom vert innfusjonert i Sørvest Bomvegselskap AS. Det vert vidare lagt opp til at fylkeskommunane, førebels Hordaland fylkeskommune ut frå tidsomsyn, kjøper samtlege aksjar i BT Signaal Ferje AS for 1 million kr. Hordaland fylkeskommune vil då eiga aksjane direkte i selskapet. Dei fire andre fylkeskommunane som eig Sørvest Bomvegselskap AS vil seinare i haust bli inviterte til å delta i selskapet på lik line med HFK. Aktiviteten i selskapet vil ved oppstart omfatta kontraktar for ferjebillettering gjennom AutoPASS for sambanda Flakk – Rørvik og Horten – Moss.

BT Signaal AS har levert inn anbod til Statens vegvesen på kontrakt om å bli sentral tenesteleverandør for AutoPASS ferje. Sørvest Bomvegselskap AS legg opp til at fisjonen vil bli gjennomført utan endring av den juridiske personen som har gjeve tilbodet på Statens Vegvesen si anskaffing av sentral tenesteleverandør for AutoPASS ferje. Sentral tenesteleverandør for AutoPASS- ferje vil omfatta riksvegferjer og fylkesvegferjer i heile landet.

### Om stiftinga av «AutoPASS – ferje» selskapet»

Et aksjeselskap vert stifta ved at stiftarane opprettar, daterer og skriv under eit stiftingsdokument som blant anna skal innehalde vedtekter, styresamansetnad, tal aksjar og verdien på kvar aksje. Fylkesrådmannen vil med det første utarbeida eit slikt dokument.

Fylkesutvalet kan etter Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune, pkt. 2.1.6.2, oppnemna representantar til styrande organ i selskap når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla. Oppretting

av «AutoPASS ferje – selskapet» er ei hastesak og ein konsekvens av eit nyleg framsett krav frå Samferdselsdepartementet. Fylkesrådmannen ser det som lite aktuelt å kalla inn fylkestinget i sommar. Her er det derfor aktuelt at fylkesordførar får fullmakt frå fylkesutvalet til å oppretta eit midlertidig styre for «AutoPASS –ferje selskapet».

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gje andre fullmakt til å representera fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær - og følgeleg også ved etableringa av «AutoPASS-ferje» selskapet.

#### **Fylkesrådmannen sine merknadar**

Fylkesrådmannen meiner at det hastar med å få på plass ei driftsløysing for Sørvest Bomvegselskap AS som samstundes stettar Samferdselsdepartementet sin krav for å bli eit regionalt bompengeselskap. Når driftsløysinga i Sørvest Bomvegselskap er på plass, vil Sørvest Bomvegselskap AS ha eit mottaksapparat som gjer det mogleg å innfusjonera dei eksisterande bompengeselskapa. Utskiljing av ferjekontraktane til eit eige selskap er eit grep som gjer det mogleg å fullføra kontraktane som BT Signaal har for AutoPASS ferje - samstundes med at driftsapparatet i BT Signaal vert tilgjengleg i og for Sørvest Bomvegselskap til bompengeinnkreving.

Dersom BT Signaal AS vinn kontrakten om å bli sentral tenesteleverandør for AutoPASS ferje, er det aktuelt å styrka eigenkapitalen i «AutoPASS ferje- selskapet» i løpet av hausten.

Utkast til forskrift frå samferdselsdepartementet om utskiljing av utstederverksemda frå bompengeselskapa er venta å ligga føre med det første. Forskrifta vil gje rammevilkåra for utstedarfunksjonen.

Fylkeskommunane i bomregion sørvest kan på eit seinare tidspunkt ta stilling til om det er aktuelt å nytta dette nye «AutoPASS – ferje selskapet» til eit utstedarselskap. Dersom det skjer, har selskapet potensiale til å bli ganske stort i høve til den beskjedne aktiviteten i starten med berre to ferjekontraktar.

Fylkesutvalet kan etter Delegasjonsreglementet pkt 2.1, kjøpa og selja aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver kr. 1 000 000 kr. til kjøp av aksjar i utskilt «AutoPASS-ferje selskap» i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS. Løyvinga vert finansiert over kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjera budsjettjustering.

Fylkesrådmannen vil utarbeida eit stiftingsdokument for selskapet. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet gjev fylkesordføraren fullmakt til å oppnemna eit midlertidig styre for selskapet. Eigarmessige forhold, funksjon og varigheit for det ny «AutoPASS - ferje selskapet» vil ein måtte koma tilbake til i eiga sak i etterkant av utskiljinga og aksjekjøpet. Fylkesrådmannen viser til vedlagt skisse til organisasjonskart etter utskiljing og restrukturering.